

JOL I SETESDAL



Teikning av Olav Bjørgum

— 2012 —



Loiell Dyrud

”Jol i Setesdal” i Minnesota

”Jol i Setesdal!” For eit vakert omgrep, som manar fram minne om Setesdal - så langt borte, lunt mellom høge fjell, og om jolefeiring med familie og vener. Likevel, i det flate landskapet i den nordvestre delen av Minnesota, 6 500 kilometer frå Setesdal, får omgrepet ”Jol i Setesdal” oss fyrst og fremst til å tenkje på ”Satersdal Lutheran Church” som ligg landleg nær Thief River Falls. Der samlast me årvisst til jolehøgtida, med eit joleprogram laurdagskvelden mellom jol og nyttår.

Satersdal Church ligg ved elva Silver Creek. Det er ei kyrkje som ikkje gjer mykje av seg, men for etterkomarane til dei setesdølane som emigrerte på 1900-talet har ho svært mykje å seie, både kjenslemessig og åndeleg. Soga om kyrkja er på mange måtar spesiell.

I 1865 vart det gjort ein avtale med Chippewa/Ojibwe-indianarane i den nordvestre delen av Minnesota og den nordaustre delen av Nord Dakota, der det vart opna om lag 4 millionar hektar med nytt land. Dette gav nybyggjarar høve til å få tak i land på båe sider av Red River, område som er mellom dei mest fruktbare landområda i verda. Tusenvis av norske emigrantar strøymde inn i dette vidstrekke området frå tidleg i 1870-åra. På Minnesota-sida av Red River, noko sør for der Grand Forks ligg i dag, kom ein jamn straum av folk frå Setesdal. Dei bygde staden som dei kalla ”Bygland”, oppkalla etter bygda i Setesdal der mange av dei kom frå. (Bygland låg mellom Fisher og East Grand Forks, men er i dag fråflutt.)

Endå om mange av immigrantane heldt på med å bruke farsnamna sine – så som Olson, Johnson, Larsson og Knutson – så var det au mange som valde å endre namnet til den staden dei kom frå, så som Austad, Bergland, Frøysnes, Ose, Skomedal og Sordal. Det var vanlege namn i dette området.

Etter kvart som landområda nær Red River vart busette i 1880-åra, kom setesdølane til Bygland, Minnesota, der



*Satersdal kyrkje.
Biletet er måla av den lokale kunstnaren
Ethel Sanders i samband med 100-årsjubileet.*

dei vart verande nokre år. Då dei ikkje fann eigna land der, flutte dei vidare med huslyd og vener til andre område, jamnast 80 kilometer nordover langs elva Thief River til Excel Township i Marshall fylke. Byen Thief River Falls var enno ikkje skipa på denne tida.

Gamle dokument syner at Gunnuf Frøysnes (dei endra bokstaven ”y” til ”i” og ”ø” til ”o”) flutte til Excel Township i 1883. I 1886 fekk han overtelje

svogeren sin, Tallak Knutson Ose, ein enkjemann, til å flytje til Excel Township. Tallak kom til Bygland, Minnesota, i 1872. Tallak flutte med sonen Knut og kona hans, Ingebjørg Larsdotter Berg og dei fire borna deira. I 1887 greidde Gunnuf å overtelje den andre svogeren sin, John Gunsteinson Skomedal; han au enkjemann, til å flytje til Excel Township. John hadde kome til Bygland i 1882. John fekk så son sin, Gunstein, og kona hans, Tore Ljostok, og borna deira til å flytje til Excel, så no var det tre huslydar frå Setesdal som budde i Excel Township – Froisnes, Skomedal og Ose.

Eit township er eit areal på 6 miles x 6 miles (eller 9,7 km x 9,7 km), og store delar av landet USA vest for Appalachian Mountains er delte inn i slike firkanta landområde. Kvart township vart så delt inn i 36 jordstykke kalla ”Sections”, som kvar er på 1 mile x 1 mile (eller 1,6 km x 1,6 km). Kvar ”Section” vart delt inn i 4 delar (på norsk folkemunne kalla ”ein kvart”), som kvar svarar til om lag 650 mål.

For å få folk til å slå seg ned utover landet, vedtok styresmaktene i USA ”Homestead Act” i 1862. Denne lova gav immigrantane tilbod om gratis land, ein ”kvart”, etter ”først til mølla”-prinsippet.

For jordhungrande nordmenn var dette tilbodet beint fram uimotståeleg. Såleis kom dei til denne delen av Minnesota og slo seg ned på vidstrekke landområde som nådde lengre enn auga rakk, opp og ned Red River-dalen.

“Jol I Stetesdal”: A Minnesota Tradition

By Loiell Dyrud

“Jol i Setesdal!” What a beautiful phrase, conjuring up a return to the remote Setesdal Valley, nestled in the mountains, to celebrate Christmas in the warmth of family and friends. However, in the flat lands of northwestern Minnesota, 6,500 kilometers away from Norway’s Setesdal Valley, “Jol i Satersdal” means returning to the little Satersdal Lutheran Church of rural Thief River Falls to celebrate the annual Christmas program on the Saturday evening between Christmas and New Year’s.

Nestled along the bank of the Silver Creek, Satersdal Church is not much to look at, but it has enormous sentimental and spiritual value for the descendants of those who came from Norway’s Setesdal valley in the late 19th Century. Its story is unique in many ways.

In 1863, a treaty with the Ojibwe (Chippewa) Indians of northwestern Minnesota and northeastern North Dakota resulted in opening ten million acres of land (a little over four million Norwegian hectares) for homesteading on either side of the Red River of the North—some of the most fertile farmland in the world. Thousands of Norwegian emigrants poured into this vast stretch of land beginning in the early 1870s. On the Minnesota side of the Red River, just south of today’s Grand Forks, a steady stream of people from the Setesdal Valley formed a community called “Bygland,” named after their homeland. (Today the town of Bygland, Minnesota, no longer exists, but the town was originally between Fisher and East Grand Forks.)

Though many immigrants continued to use their father’s names as they did in Norway—Olson, Johnson, Larson, and Knutson—many chose place names from Setesdal for their last names. As a result names such as Austad, Bergland, Frøysnes, Ose, Skomedal, and Sordal were common in this settlement.

But as more of the land close to the Red River was taken, people from Setesdal would come to Bygland, Minnesota, for a few years, and not finding land there, moved on to other communities bringing their friends and relatives along. Such was the case in the 1880s when several people from the Bygland, Minnesota, community moved about fifty miles north to an area along the Thief River in Excel Township of Marshall County. (The city of Thief River Falls did not yet exist.)

Records indicate that Gunnuf Frøysnes (They changed the “y” to “i” in America as well as the “ø” to “o.”) moved to Excel Township in 1883. By 1886, he had convinced his brother-in-law, Tallak Knutson Ose, a widower, who had come to Bygland, Minnesota, in 1872, to join him in Excel Township. Tallak brought with him his son Knut and wife Ingebjørg Larrison Berg with their four children. Furthermore, in 1887, Gunnuf convinced his other brother-in-law, John Gunsteinson Skomedal, also a widower, who had come to Bygland in 1882, to join him in Excel Township. Like his brother-in-law Tallak, John Skomedal was also able to convince his son Gunstein and wife Tora Ljostok and their children to join him in Excel. So now three families from the Setesdal Valley—Froisnes, Skomedal, and Ose—were living in Excel Township.

In America, a township is an area of land six American miles by six American miles. (A township would be almost 10 kilometers by 10 kilometers square) Almost all the land across America, west of the Appalachian Mountains, is divided into these square

townships. Each township is further divided into 36 parcels of land called “sections” (Each section is 1.6 kilometers by 1.6 kilometers). Each Section is further divided into four “quarter sections.” Each quarter section is made up of 160 acres. (160 American acres is the equivalent of 65 Norwegian hectares.) In order to get people to settle across America, the United States government passed the Homestead Act in the 1860s, granting a quarter Section of land free to immigrants on a first come basis.

For land-starved Norwegians, this opportunity was irresistible, and so they came to this part of Minnesota for the endless acres of free land that reached as far as the eye could see up and down the Red River Valley.

Soon the S. Ole Bergland family arrived in Excel Township and Targei Asmundsen Jopperud and his wife Anne Jonsdaughter Besteland. (In America the Jopperuds changed their name to “Joppru.”) Other families named Sordal, Austad, Rysstad followed, and soon names on mailboxes along the Thief River resembled a drive through the Setesdal Valley in Norway. So unique were some of the names that three brothers each registered a different last name— Ole Olsen, Halvor Olsen Listol, and John Olsen Espeli.

During the mid-1880s, itinerant Lutheran pastors began meeting in the small log cabins of these Setesdal Valley immigrants. In 1891, a Lutheran congregation was officially organized at the home of Gunstein Skomedal.

Because almost all of the potential members of the congregation had come from the Setesdal Valley, they chose the obvious name for the congregation —“The Saterdal’s Scandinavian Evangelical Lutheran Church of the town of Excel.” Much confusion over the spelling has occurred through the years. “Saterdal” is the original recorded spelling. Other variations in church records appear as “Satesdal,” “Saetesdal,” “Setersdal,” and “Satersdal.” But, “Satersdal” has become the preferred spelling.

The congregation met in homes whenever a pastor traveled through the territory. In the spring of 1896, Tellef Olsen Tverstol, who was married to Anna Johnsdtr. Skomedal called a meeting of the congregation in his home. He was born in Aamli, Aust-Agder and had settled in Excel Township around 1890. Tverstol announced that he would give a corner of his land for a cemetery and church. Within a month he died and was the first to be buried in the cemetery on his land. Nevertheless, the church was built later that summer.

Directly to the north of the “Sætersdolene” community, was a German settlement. After the death of Tverstol, his widow married Halvor Listol, and in 1906 they sold the land that included the church and cemetery to a German immigrant and moved a few miles to the south.

Within a short time after the German bought the land, he discovered that the part deeded to the church had been incorrectly recorded. He was also a Catholic and resented the presence of a Lutheran church on his property. He gave them an ultimatum: “I’ll give you six months to move the church and dig up the bones or I’ll burn down the church and plow up the tombstones!” The members decided to move. But where?

Fortunately, in 1896 another agreement with the Red Lake Band of Ojibwe Indians had opened up more land on the east side of the Thief River. Many of the Sætersdolene from the west side of the river moved across to the new land as well as

several new arrivals from Norway. Gunnie Ose, brother of Knut Ose, settled on the east side of the river at the mouth of the Silver Creek. In December of the same year, he gave land for the Satersdal Church to be moved. Ironically, within three months, February 1907, his sister-in-law Ingebjørg (Larsdotter Berg) Ose, died in childbirth trying to deliver twins and was the first to be buried on the new cemetery.

In the winter of 1908, Ole Olsen and his brother Halvor Listol with the help of twenty-two oxen moved the church across the Thief River and up the Silver Creek two and a half miles to the Gunnie Ose property where it stands today.

Each family was responsible for moving its deceased members to the new cemetery. Curiosity overcame some, and coffins were opened. Margit Ose Austad, who had died in 1897, had the lid removed from her coffin by the Ose boys. They said her image was intact for a while; then she crumbled into dust except for her legs that remained firmly encased in wool stockings. Torbjon Skomedal also opened the coffin of his grandfather, John, who had died eight years earlier. Under the glass window of the coffin, they could see him; but when the lid was lifted, “Gamle John,” too, crumbled—“Ashes to ashes, dust to dust.”

Through the years, membership in Satersdal Congregation remained almost exclusively Norwegians from the Setesdal Valley, but other Norwegian families by the name of Moe, Oen, and Klungness joined as well as some Swedes. All the church records, however, were written in Norwegian until the 1930s and most of the services were held in Norwegian until then as well.

Pastors and evangelists from Norway often held meetings in Satersdal Church. Most notable perhaps was Evangelist Lars Berg from Hylestad. In April 1931, he held meetings in the church and stayed at the home of his cousins, the Oses. (This is the same home in which this writer currently lives.) Church records indicate Berg had four days of “to moter hverdag” (Two meetings each day).

Lars Berg has an aunt and uncle as well as several first cousins buried in the Satersdal cemetery. His aunt Ingebjørg emigrated to America in 1882 and married Knut Ose shortly after arriving. As mentioned above, she died in 1907.

Berg’s uncle Torleiv Larsson Berg is also buried in the Satersdal Cemetery. He left the Setesdal Valley in 1903 and a year later sent passage money for the rest of his family to join him, but they never made it. Seven members of his family drowned on their way to America when the ship *Norge* sank in the North Atlantic in June 1904. On board that ship were his wife Sigrid Ånundsdotr. Rysstad and their six children, ages five to sixteen. A memorial stone is being planned for them and will be set next to the grave of Torleiv Berg. He never remarried and lived out his lonely life alone until his death in 1952 at the age of 92.

Lars Berg’s oldest son Olav visited the Satersdal Church and stayed in the Ose home while he was working in a Brooklyn, New York, hospital. Shortly thereafter, he went to sea with the resistance forces in World War II. In 1942, his ship was torpedoed, and he drowned. Another son, Nicolai (Lai) Berg, also stayed for a time in the Ose home where he was visiting in the late 1940s and attended Satersdal Church. His grandson Olav Berg Thomassen visited the area in the 1990s with his son Anders.

The Satersdal Congregation was affiliated with the Lutheran Free Church, a church body founded in 1897 by Georg Sverdrup and Sven Oftedal, professors of Augsburg Seminary in Minneapolis. Thereafter, pastors from the Lutheran Free Church served the congregation. Satersdal was part of a Norwegian Lutheran Free Church parish that was made up of four other churches—Rindahl, Reiner, Bethlehem, and Our Saviour's in Thief River Falls—all served by the same pastor.

Though many are vacant today, these small, rural church buildings still dot the American landscape, often only three or four miles apart. In fact one can still see three of these country churches while driving down the road less than a mile from where this writer lives.

Originally immigrants with large families settled every parcel of land, but today the rural population is greatly diminished. Cars replaced horses and roads linking the farms to the cities were greatly improved. Having a church within a few miles of where you lived was no longer a necessity. Since people were driving to town for work, driving to town for church was not a problem. Why maintain several small country churches when a parish could consolidate into one large congregation in town?

Couple that with the fact that for the past hundred years America has undergone a continuous out-migration of its rural population to the cities. As more of the rural population moved to town, fewer were left who made their living exclusively from the farm. In fact there are only three families in Excel Township today who make their complete living from the farm. Interestingly enough, thousands of acres in Excel Township are still farmed by people with the name of Ose and Joppru. And listed among those two families' ancestors are the names Bergland, Skomedal, and Froisnes as well—some things never change!

And so it was that in the fall of 1959, Satersdal Congregation voted to close its doors and merge with its sister congregation Our Saviour's Lutheran Church of Thief River Falls. Though the electricity was cut, the doors have never been locked. And beginning in the spring of 1960, there has been a Memorial Day Service every year during the last week of May. Families were assigned on a rotational basis to be responsible for the program, and a cemetery board oversees the operation.

In 1979, these families decided to have a Christmas program in the tradition of long ago. Saturday evening between Christmas and New Year's is the chosen day. Since there is no electricity, the program is scheduled to begin at 5:00, allowing people to arrive while there is still a glow in the western sky. Only candles light the church as the program begins. Randy Moe, a third generation member of the Moe family drives up from Minneapolis and starts pedaling the old pump organ that has been in the church since around 1910.

But the highlight of the evening, the event everyone waits for, is lighting the candles on the Christmas tree. The honor is reserved for a woman, usually one who is a descendant of one of the original families, who lights the candles, one by one, while the congregation sings verse after verse of "Jeg er så glad hver Julekveld." Believe it or not, the extra light from the few candles on the tree really do make the room grow lighter even as the words of the song say: "Then Mother trims the Christmas tree and fills the room with light." At least the people in the audience seem to think it is so!

After a message and songs provided by descendants of the original members, the evening closes with the singing of “Silent Night,” apples are handed out, and after a brief visit among the faithful in the dim light, the candles are slowly extinguished, and the audience walks out into the brisk, northern Minnesota night air. Following the program, the friends of Satersdal gather in homes of former members living in the area. Parents in the community often bring their children to this service to see how Christmas was observed a hundred years ago. Only twice in the past thirty years has the Christmas program been cancelled because of blizzards, but turnout varies depending on the cold.

In the summer of 1991, Satersdal Church celebrated its 100th anniversary under a big tent, set along side the church, with hundreds of people in attendance. Rev. Gaylen Ose, son of the congregation (now deceased), was one of the speakers.


In 2009, Excel Township celebrated its 125th anniversary, and Satersdal Church was host to the morning worship service. Two sons of the congregation were in charge. Rev. Connely Dyrud, an Ose descendant and retired missionary to Brazil, led the service; and Rev. Roger Ose, retired missionary to Madagascar, spoke.

The church and cemetery have always been well maintained as a result of offerings taken at the two annual services, but most of the work is volunteer work. For the past twenty years, the caretakers have been descendants of the Joppru family.


There are around 110 graves on the cemetery. In recent years, tombstones have been placed on unmarked graves. This process continues as funds allow. For the past three years a semi-annual newsletter has been sent to descendants of former members. Funds for maintaining the cemetery have been steadily increasing, and the future looks good.

In 2012, the church building that held regular Sunday Morning Services for fifty-five years will have been serving the descendants of the congregation with Memorial Day and Christmas Services for fifty-three years—almost as long as it served the actual congregation.

It is hard to know why this particular church continues these traditions when thousands of rural churches across America have been abandoned, left unpainted to crumble in the dust, or moved to neighboring farms for granaries and storage sheds. Perhaps it is the result of a certain rugged, tenaciousness that was bred into these people that lived between the mountains of the remote Setesdal Valley and that transported to America still lives on among the people living on this flat land of northwest Minnesota. And so this year on Saturday, December 29, they will gather again, some from hundreds of miles away, to share the warmth of family and friends and to share their love for this, their “spiritual home” on the banks of the Silver Creek.



Kartet er eit utsnitt av Excel og Agder Township i Marshall County (fylke), og syner vegen som kyrkja vart flutt i 1908. Legg merke til at mange av namna på dei ulike eigedomane har namn frå Setesdal. I 1911 kjøpte Even og Lars Ose, søner til Ingeborg og Knut Ose, eigedomen med namnet "Ole Bergland" på kartet. Artikkelforfattaren bur der i dag.



Kartet syner Excel Township som ligg beint nord for Thief River Falls. Etter folketeljinga i år 2000 er Thief River Falls med sine 8000 innbyggjarar den mest "norske" av alle byar i USA. 50% av innbyggjarane har norske røter. På den venstre sida av kartet, rett nedanfor East Grand Forks, ligg "Bygland".



Innan stutt tid flutte S. Ole Bergland og huslyden hans til Excel Township, og seinare kom Targei Asmundsen Jopperud med kona Anne Jonsdotter Besteland. (I Amerika endra dei namnet til "Joppru".) Seinare kom andre familiar med namna Sordal, Austad og Rysstad, og det varde ikkje lenge før namna på postkassane langs Thief River minte om ein køyretur gjennom Setesdal! 3 brør registrerte seg med 3 ulike namn på den tida: Ole Olsen, Halvor Olsen Listol og John Olsen Espeli.


Omkring midten av 1880-åra kom fleire omreisande lutherske pastorar til området, og det vart halde møte i dei små tømmerhusa som var heimane åt immigrantane frå Setesdal. I 1891 vart det offisielt skipa ein luthersk kyr-

kjelyd i heimen til Gunstein Skomedal. Og då dei fleste av kyrkjelydsmedlemene hadde kome frå Setesdal, var det naturleg å kalle kyrkjelyden "The Satersdal's Scandinavian Evangelical Lutheran Church of the town of Excel". Men det har vore mykje forvirring om stavemåten gjennom tidene. Den originale stavemåten var "Saterdal". Andre former som har vore brukte er "Satesdal", "Saetesdal", "Setersdal" og "Satersdal". "Satersdal" er likevel den stavemåten som har vorte vanleg.

Kyrkjelyden møttest i heimane når ein pastor reiste gjennom området. Våren 1896 vart kyrkjelyden kalla inn til eit møte heime hjå Tellef Olsen Tverstol, som var gift med Anna Johnsdotter Skomedal. Tellef kom frå Åmli i



Kyrkja vart flutt i 1908 ned Thief River og opp Silver Creek til den staden der ho står no. Dette var ei avstand på om lag 5 kilometer. Ole Olsen (Listol) og broren Halvor Listol og dei 22 stutane tek ein pust i bakken for å ta eit bilete. Betalinga for heile arbeidet var 65 dollar.



Vedlikehald av kyrkjegarden går stendig for seg. I fjor vart 14 av gravsteinane til Skomedal-familien støypte i sement. "Gamle" John Skomedal, med gravsteinen i framgrunnen, var ein av dei som var med og skipa kyrkjelyden. Han var fødd i 1826 i Noreg, og dette er det nest eldste årstalet på kyrkjegarden. Den eldste er Tellef Tverstol med fødselsår 1824. Trea i bakgrunnen vart planta i 1940 av Gunstein Skomedal.



Aust-Agder og kom til Excel Township omkring 1890. Tellef fortalte då at han ville gjeve bort eit hyrne av eigedomen sin til ei kyrkje og ein kyrkjegard. For ein månad etter dette møtet hadde gått, døydde Tellef, og han vart den fyrste personen som vart gravlagd på den nye kyrkjegarden. Kyrkja vart bygd seinare den sumaren.

Beint nord for "Setesdals-samfunnet" var ein tysk koloni. Etter at Tellef døydde gifte enkja hans seg med Halvor Listol, og i 1906 selde dei eigedomen med kyrkja og kyrkjegarden til ein tysk immigrant og flutte nokre kilometer sørover. Ikkje lenge etter at den nye, tyske eigaren hadde overteke eigedomen, vart det oppdaga at skøytet på kyrkja og kyrkjegarden var utforma på ein urett måte. Han var sjølv katolikk og ville ikkje ha ei luthersk kyrkje på eigedomen sin. Kyrkjelyden fekk difor eit ultimatum av den nye eigaren: "De får 6 månader på dykk til å flytje kyrkja og grave opp beina. Dersom ikkje dette vert gjort, brenner eg opp kyrkja og pløgjer ned gravsteinane!"

Kyrkjelydsmedlemene vart samde om å flytje kyrkja. Men kvar? I 1896 hadde det kome i stand ein ny avtale med Ojibwe-indianarane, og den opna for nytt land austanfor elva Thief River. Mange av setesdølane som budde på vestsida av elva, flutte til dette nye landområdet, til liks med nye innvandrare frå Noreg. Gunnie Ose, bror til Knut Ose, slo seg ned på austsida av elva ved utlaupet av Silver Creek. I desember same året gav han tuft til kyrkja så ho kunne flytjast dit. Berre 3 månader seinare, i februar 1907, døydde brorkona hans, Ingebjørg (Larsdotter Berg) Ose, då ho skulle føde tvillingar. Ho var den fyrste som vart gravlagd på den nye kyrkjegarden.

Vinteren 1908 vart kyrkja flutt med hjelp av 22 stutar. Det var Ole Olsen og bror hans, Halvor Listol, som stod for flytjinga (om lag 5 kilometer) over Thief River og opp til Silver Creek, til eigedomen som var sett av til kyrkja. Her har kyrkja stått sidan. Kvar familie fekk ansvar for å flytje sine egne døde til den nye kyrkjegarden.

I mange år var medlemene i kyrkjelyden mest berre setesdølar, men etter kvart kom andre norske familiar, så som Moe, Oen og Klungness, dessutan nokre svenskar. Alle kyrkjebøkene vart likevel skrivne på norsk heilt fram til 1930-talet, og dei fleste gudstenestene vart haldne på norsk.

Pastorar og evangelistar frå Noreg kom ofte på vitjing og heldt møte i Satersdal kyrkje. Av dei mest kjende var evangelisten Lars Berg (fødd 1890) frå Hylestad i Setesdal. I april 1931 heldt han fleire møte i kyrkja, og budde heime hjå syskenborna sine, huslyden Ose. (Dette er same huset som skrivaren av denne artikkelen bur i.) I kyrkjebøkene kan ein lese at Lars Berg hadde to møte kvar dag i fire dagar.

Lars Berg hadde ein morbror, ei morsyster og fleire syskenborn som er gravlagde på Satersdal kyrkjegard. Morsystera Ingebjørg emigrerte til Amerika i 1882 og gifte seg med Knut Ose stutt tid etter at ho kom. Som nemnt ovanfor døydde ho i 1907. Morbror hans, Torleiv Larsson Berg, er au gravlagd på Satersdal kyrkjegard. Torleiv reiste frå Setesdal i 1903, og eitt år seinare sendte han heim reisepengar til huslyden. Men dei kom aldri fram. Kona hans, Sigrid Ånundsdotter Rysstad og 6 born i alderen 5-16 år drukna då båten "Norge" forliste i Atlanterhavet i juni 1904. (Dette står elles omtala i "Gards- og ættesoge Hylestad, Valle kommune bind 2", side 265. Red.anm.) Det vert no planlagt å reise ein minnestein for dei, som skal setjast ved sida av grava til Torleiv Larsson Berg. Torleiv gifte seg ikkje att, men levde sitt einsame liv heilt til han døydde i 1952, 92 år gamal.



Huset vart bygt i 1915 av Even og Lars Ose. Huset har tre høgder, og vart bygt med tømmer frå indianarreservatet i Red Lake og frakta 80 kilometer. Evangelisten Lars Berg frå Setesdal budde her saman med syskenborna sine medan han tala i Satersdal kyrkje på 1930-talet. Loiell Ose Dyrud, forfattaren av denne artikkelen, har budd i dette huset sidan 1972.



Bilete av huslyden til Loiell og Mary Dyrud, teke i jola 2008. Legg merke til den originale tømra veggjen attanfor. Frå venstre bak: Mark Sletten, Loiell Ose Dyrud, Lars Dyrud. Framme frå venstre: Maren (Dyrud) Sletten, Samuel Dyrud, Mary Dyrud, Norah Dyrud, Sarah (Plemons) Dyrud og Josiah Dyrud. Loiell er pensjonert engelsklærer og historikar frå Thief River Falls, og kona hans, Mary; pensjonerte seg nyleg frå læraryrket i spansk og engelsk på Northland Community College i Thief River Falls.



Eldste sonen til Lars Berg, Olav, vitja Satersdal kyrkje og budde i heimen til Ose medan han arbeidde på eit sjukehus i Brooklyn, New York. Stutt tid etter, under andre verdskrigen, slutta han seg til motstandsstyrkane til sjøs. (Olav var kvartermeister i flyvåpenet til den norske marinen). På ei tenestereise til Canada vart båten torpedert i Atlanterhavet den 26. september 1942, og alle om bord omkom. Ein annan av sønene hans Lars, Nicolai (Lai) Berg, budde au ei tid på garden til Ose-familien på slutten av 1940-talet og vitja au Satersdal kyrkje.

Satersdal kyrkjelyd var knytt til den lutherske frikyrkja; eit kyrkjefamfunn som vart skipa i 1897 av Georg Sverdrup og Sven Oftedal, båe var professorar ved Augsburg Seminary i Minneapolis. Seinare var det prestar i den lutherske frikyrkja som gjorde teneste i kyrkja. Samstundes tok dei seg av andre lutherske frikyrkjer i same prestegjeld: Rindahl, Reiner, Bethlehem og Vår Frelsers Kirke i Thief River Falls.

Mange av desse små kyrkjene står tome og vert ikkje brukte i dag. Men desse små, landsens kyrkjene er framleis ein del av landskapet i Amerika; ofte berre nokre få kilometer frå kvarandre. Ved å køyre berre ein kilometer frå heimen til forfattaren av denne artikkelen vil ein sjå 3 av desse kyrkjene.

I fyrstninga budde det familiar på kvar einaste "kvart" av land i dette området, men i dag har innbyggjartalet minka kraftig. Bilar kom i staden for hestar, og vegane som knytte gardane til byane vart mykje betre. Det var ikkje lenger naudsynt å ha ei kyrkje berre få kilometer frå der ein budde. Når folk likevel køyrde til byen for å arbeide, var det ikkje noko problem å køyre til kyrkja som låg i same byen. Kvifor halde oppe mange små kyrkjer når ein kunne møtast i ein stor kyrkjelyd i byen?

Som så mange andre stader i verda har USA opplevd at folk flyt frå landlege omgjevnader og inn til byane. Det fører til at færre menneske bur på gardane som bønder. Faktum er at det i dag berre er 3 familiar i Excel Township som livnærer seg som bønder. Men det er framleis tusenvis av hektar i Excel Township som vert drivne av bønder som heiter Ose og Joppru til etternamn. Og mellom etterkomarane til desse finn me att namn som Bergland, Skomedal og Froisnes – det er gledeleg nok noko som ikkje endrar seg!

I 1959 avgjorde kyrkjelyden i Satersdal kyrkje at dei skulle stengje dørene og slå seg saman med Vår Frelsers Lutherske Kirke i Thief River Falls. Men endå om elektrisiteten vart slegen av, så har dørene aldri vore låste. Frå 1960 har det kvart år vorte halde Memorial Day Service i kyrkja. (Memorial Day vert i USA halde siste måndagen i mai månad, og er til minne om kvinner og menn som har falle i teneste for dei amerikanske styrkane.) Ansvar for denne gudstenesta har kvart år gått på om-

gang mellom kyrkjelydsmedlemene, og eit kyrkjegardsstyre har det overordna ansvaret.

I 1979 vart det vedteke at ein også ville halde eit jolehøgtidsprogram på same måten som i gamle dagar, og dette går føre seg laurdagskvelden mellom jol og nyttår. Sidan det ikkje er noko elektrisk ljøs i kyrkja, tek programmet til klokka 17, slik at folk kan kome til kyrkja medan det enno er noko ljøs over vesthimmelen. Berre stearinljøs lyser opp i kyrkjeromet. Randy Moe, tredje generasjons medlem i kyrkja, reiser den lange vegen opp frå Minneapolis for å få musikken til å ljode frå pedalorgelet, som har vore i kyrkja sidan omkring 1910!

Høgdepunktet den kvelden, som alle ventar på, er når ljosa på joletreet vert tende, eitt og eitt, samstundes som kyrkjelyden syng alle versa av "Jeg er så glad hver julekveld" på norsk. Ei kvinne får æra av å tenne ljosa, til vanleg ei som er etterkomar av dei fyrste immigrantane. Tru det eller ikkje, men ljosa på joletreet lyser på ein spesiell måte opp heile kyrkjeromet, for som me syng i eitt av versa i jolesongen: "Da tenner moder alle lys så ingen krok er mørk". Tilhøyrarane den kvelden tykkjer i alle høve det!

Etter ei andakt og songar av etterkomarane til stiftarane av kyrkja, avsluttar ein kvelden med songen "Silent night" (Glade jol). Eple vert delte ut til alle, og etter å ha tala saman i det dimme kyrkjeromet vert ljosa sløkte medan kyrkjelyden går ut i den kalde nattelufta i nord-Minnesota. Etter den høgtidelege stunda i kyrkja samlast dei i heimane i nærleiken. Foreldre tek ofte med seg borna sine til denne spesielle gudstenesta, for å syne dei korleis joletradisjonane var i gamle dagar. Berre to gonger dei siste 30 åra har tilskipinga vorte avlyst på grunn av orkan og kulde. Likevel har sjølvsagt veret noko å seie for frammetet.

Sumaren 1991 feira Satersdal kyrkje 100-årsjubileum. Eit stort telt var sett opp ved sida av kyrkja, og hundrevis av menneske deltok. Pastor Gaylen Ose, medlem i kyrkjelyden, var ein av talarane.

I 2009 feira Excel Township sitt 125-årsjubileum, og ein heldt morgongudstenesta i Satersdal kyrkje. To søner av medlemmer i kyrkjelyden hadde ansvaret for tilskipinga, og pastor Connely Dyrud, etterkomar etter Ose og pensjonert misjonær i Brasil, leidde møtet. Pastor Roger Ose, pensjonert misjonær på Madagaskar, tala.

Kyrkja og kyrkjegarden har alltid vorte godt vedlikehaldne. Pengar til vedlikehald kjem frå kollektane på dei to årlege gudstenestene, men mesteparten av arbeidet vert gjort på dugnad. Dei siste 20 åra har arbeidet vorte teke hand om av etterkomarar til familien Joppru.

Det er om lag 110 graver på kyrkjegarden. Dei siste åra har det vorte sett opp gravsteinar på umerkte graver. Dette



arbeidet vil halde på framover etter kvart som økonomien tillet det. Det har dei siste åra vorte gjeve ut eit nyhende-
brev to gonger i året, og økonomien ser god ut no.


I 2012 vil kyrkja ha halde Memorial Day Service for 53.
gongen. Såleis har Satersdal kyrkje i nyare tid vorte nytta
til årlege Memorial Day- og jolegudstenester nesten like
lenge som ho har tent den tidlegare kyrkjelyden sin, som
hadde gudsteneste her kvar sundag morgon i 55 år.

Det er vanskeleg å vite kvifor denne kyrkja held fram
med tradisjonane sine samstundes som andre landsens
kyrkjer i USA har vorte nedlagde, umåla og kanskje flut-
te og bruka som kornmagasin eller lagerhus på næraste
farm. Kanskje er grunnen dei seige, strie eigenskapane i
folket, som kom frå harde livsvilkår mellom høge fjell i
det avsidesliggjande Setesdal.


Eigenskapar som vart nedervde til nye generasjonar, og
vart tekne med til Amerika, der dei framleis finst i folket
som lever i det flate landskapet i den nordvestre luten av
Minnesota.

Også dette året, laurdag den 29. desember 2012, vil dei
møtast att – nokre langvegsfarande, til endå ei gudsteneste
i Satersdal kyrkje. Her vil dei dele varmen og nærleiken
med familie og vener, og vere saman om kjærleiken til den-
ne "åndelege heimen" ved breidda av Silver Creek-elva.

Artikkelen er sett om frå engelsk av Olav Berg Thomassen /
Knut K. Homme



26. desember kl. 17.00. Sola har gladd, og stilla rår over prærien. Inne i kyrkja er det varme i vedom-
nen og ljosa er tende. Venene av Satersdal har sett seg, og gudstenesta kan ta til.



Teikning: Øyvind Jacob, Valle

Kr 70,-



9 788292 177112



Før eller seinare treng du ein bank
som kjenner deg og har tru på deg!



Valle Sparebank
-allstøtt med deg



www.valle-sparebank.no